

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.05.2017

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 67-84/17.

### «Stord I»

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fekk omvising om bord i «Stord I» og orientering om drifta. «Stord I» transporterte utvalet frå Bergen til Klepppestø.

### Presentasjonar

- Askøy kommune v/ordførar Terje Mathiassen og rådmann Eystein Venneslan
- Fana IL v/ Hans Dankertsen
- Strandsoneplan v/Kjell Håland og Eva Katrine Ritland Taule

### YMSE

**Geir Kjell Andersland (V)** etterspurde statusmelding om tilleggssøknad til NVE frå Zephyr om justert trasé for nettilknytning til Dalsbotnfjellet. Klima- og naturressurssjef Sølve Sondbø svarte på spørsmålet, og opplyste at det kjem sak om dette til junimøtet.

**Sara Hamre Sækkingstad (Sp)** viste til at Fylkesmannen i Hordaland har sendt marin verneplan for Hordaland på høyring, med utvida høyringsfrist til 1. juni og spurde om Hordaland fylkeskommune skal svare på høyringa. Fylkesdirektør regional utvikling stadfesta dette, og opplyste at på grunn av den stramme høyringsfristen vil sak om høyringssvar verte behandla i fylkesutvalet sitt junimøte.

**Utvalsleiaren** viste til utdelt invitasjon til konferansen «Utenforskap og fattigdom – hvordan løser vi det?» den 9. juni 2017. Ein representant frå «opposisjonen» og ein frå «posisjonen» kan delta på konferansen.

**Utvalsleiaren** viste til ei rekkje oppslag om Sykkel-VM i det siste, og bad om å få informasjon om status. Kst. fylkesdirektør vil leggje til rette for at utvalet skal få orientering i neste møte.